

Barn og unges mediebruk – ein arena for læring.

Forord

Starten på denne oppgåva innebar refleksjon kring tema og kva som kunne vere aktuelt å skrive om. Eg såg det interessant å bli endå betre kjent med wikispaces, og kva for moglegheiter som ligg i dette mediet. Mi problemstilling i denne fagteksten er:

Korleis kan bruken av wikispaces, vere med på å skape ei motiverande skriveopplæring?

Vidare i arbeidet skulle med jobbe i gruppe. Me var fire studentar som avtalte å vere ei gruppe, men det vart berre tre av fire som møtte opp til gruppesamarbeid. Der reflekterte me saman, og hadde ei felles idémyldring på ulike tema som kunne vere interessant å skrive om. Me landa på ulike tema å skrive om, men det var på mange måtar inspirerende i rettleiing av kvarandre. Me har undervegs i arbeidet sendt teksta til kvarandre, møtst i grupperom i OmniJoin og rettleia tekstane til kvarandre munnleg. Me har også hatt skriftleg dialog med kvarandre gjennom ei FB-Message-gruppe, der me har kunna stilt spørsmål fortløpande og svara kvarandre. Gruppearbeidet har fungert veldig godt, og det har vore godt og lærerikt å hatt andre studentar å støtta seg på.

Innleiing

Samfunnet er i stadig endring og utviklinga innanfor teknologi er med på å forme korleis samfunnet blir. Berre på få år har ein sett ein endring innfor kommunikasjon og korleis vi samhandlar med andre menneske over heile verda. Internett har på mange måtar minska verda, og avstandane mellom menneska i ulike land har vorte mindre. Frå fyrstninga med PC som verktøy for bruk av internett, til no, der mest alle har kvar sin mobiltelefon eller nettbrett, som ein kan gjere det same på som ein PC, om ikkje meir. Utvikling gjer også til at dei unge i dag, brukar ulike sosiale media som felles plattformer for samhandling med andre menneske der ein deler både bilete og tekst. Mange vil hevde at dei unge skriv meir på fritida si nå enn før, ved bruk av ulike media.

I rammeverket for grunnleggande ferdighetar er det å finne at digital ferdighet er jamstilt med ferdighetane å lese, å skrive, å regne og å vere munnleg. Digital ferdighet er vid og eg viser til sitat henta frå utdanningsdirektoratet (Utdanningsdirektoratet, 2018):

«Digitale ferdigheter vil si å innhente og behandle informasjon, være kreativ og skapende med digitale ressurser, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgivelser. Det innebærer å kunne bruke digitale ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk.»

Denne artikkelen omhandlar korleis mediebruken til dei unge kan vere ein arena for læring. Korleis skulen kan imøtekomme mediebruken til elevane og ta i bruk samskrivingsnettstaden wikispaces på ein god måte. Kan det vere ein motivasjonsfaktor til skrivearbeidet når lærarane kanskje utnyttar allereie den digitale kompetansen elevane sit med, og vidare aukar han ved å aktivt ta mediebruken inn i skulen. For å finne svar på desse felte vil eg i denne fagteksten ha med meg problemstillinga:

Korleis kan bruken av wikispaces, vere med på å skape ei motiverande skriveopplæring?

Fyrste del av fagteksten vil eg kort trekkje fram den digitale utviklinga innanfor mediebruk, og korleis den digitale bruken til dei unge har endra seg. Vidare vil eg drøfte ulike sider ved bruk av wikispaces, og korleis dette kan vere ein arena for læring, samt sjå dette i ljøs av relevant teori.

Mediet wikispaces og korleis dette kan motivere i skriveopplæring.

For berre få år tilbake var skjermbruken til barn prega av spel, som berre dei innanfor «husets fire veggjar» deltok i, for eksempel Nintendospelet Super Mario Bros. Dette var tida før 1990-talet, då det som Arne Krokan omtalar som «første generasjons internettjenester for allmennheten» kom (Krokan, 2012, s. 39). Då opna det seg gradvis nye vegar til samhandling med andre menneske via internettet, frå fyrst å vere ein verdsvev som berre dei med spesialisert kunnskap kring datateknologi kunne ta i bruk, til at allmennheita også kunne delta på internettet. Malar og skript, som på mange måtar kan samanliknast med ferdiglagde oppsett og brukarvennlege sider, kom som oppskrifter, og gjorde det enkelt for «mannen i gata» til skape nye nettstadar og publisere i ulike forum på lik linje med dei datakyndige. I starten av «publiseringstida» vart oppretting av eiga heimeside nytta til publisering av tekst og bilete. Vidare kom blogg, ulike samskrivingsnettstadar som wiki og google doc som endå enklare og kjappar måte å publisere stoff på. Dette gav oss nye og smartare moglegheiter til å samarbeide på, skape og framstille tekst og/eller tallmateriale i regneark og samstundes ha visuelt framstilling av stoffet (Krokan, 2012, s. 40 og 41)

Alle desse plattformene som bidreg til at ein enkelt kan lage nettsider og som gjer internettet svært brukarvennleg, blir slik at alle tek teknologien i bruk, og nysgjerrige som barn er, tek også dei dette i bruk. Lærarar treng å henge med i tida, og den digitale verda er berre noko alle må henge med i. Som vi ser av rammeverket, er digital ferdighet jamstilt med ferdighetane å regne, å lese, å skrive og å vere munnleg god. Kva fordelar er det for ein lærar og ta i bruk det sosiale mediet wiki i undervisninga, og er det eventuelt noko bakdelar med bruken av dette mediet?

For å synleggjere dei ulike sidene, både fordelar og ulemper, tek eg utgangspunkt i ei undervisningsøkt som er tenkt for elevar på mellomtrinnet, men ein kan sjølvsagt trekkje det både ned og opp i trinn, berre tilpasse til dei ulike aldrane.

Elevane skal ha samfunnsfag og dei skal jobbe med eit samfunnsfagstema. Dei skal som nemnt tidlegare, ta i bruk mediet wikispaces. Læraren har difor oppretta wiki-konto til elevane på førehand.

Fyrst startar læraren med å finne fram førekunnskapane til elevane, og saman brukar dei tankekart på tavla. Dette lagar læraren digitalt, og har dermed høve til å lagre og ta vare på tankekartet. Elevane skal jobbe i par, og får tildelt oppgåver av læraren, som tek utgangspunkt i tankekartet, og deler ut ulike tankar til elevane, som blir deira forskarfelt/punkt. Elevane skal så skrive på PC og teksta skal verte lagra på ein wiki. Dette inneber at elevane skal innhente relevant kunnskap til det gitt tema og bruke ferdigheten «å kunne uttrykke seg skriftleg».

Skriving er ein ferdighet som skal utviklast i alle fag. I fylgje Dagrun Skjelbred har all skriveopplæring som mål å utvikle eleven som ein god skivar. Denne utviklinga skjer når eleven les og skriv tekstar og får respons frå læraren og medelevar, samt at når elevane får vere responsgjevar til andre elevtekstar, gjer dette til at elevane utviklar skrivekompetansen sin (Skjelbred, 2012, s. 36).

I dette undervisningsopplegget produserer elevane masse tekst, både i par men også saman med resten av elevane i klassa. Dei skal lese teksten til kvarandre, og leggje lenker til gitte ord som dei finn att i andre tekstar. Dei les tekstane til kvarandre for å gjeva respons og framovermelding på kva som eventuelt kan gjerast betre. Her kan elevane for eksempel ha med seg vurderingsverktøyet «to stjerner og eit ynskje».

Skjelbred hevdar vidare at for at skrivekompetansen hjå elevane skal utviklast må elevane finne glede i å skrive (Skjelbred, 2012, s. 36). Det er her bruken av wiki kan vere ein motiverande faktor, samt det å bruke PC som skrivereiskap.

Sjølve mediet wiki og bruken av PC vil vere det som Imsen omtalar som ytre motivasjon (Imsen, 2010, s. 375). Læraren imøtekjem elevane ved å bruke det digitale verktøyet PC, og det skjer ei handling hjå elevane som gjer til at aktiviteten blir gjennomført. Det motivere å skrive tekst på PC, då bokstavane alltid blir like fine, det er lett og redigere og rette opp i rettskrivinga.

Krokan hevar også at dei unge i dag tek i bruk dei digitale tenestene for å lære nye ting. Dei lærer å samhandle og kommuniserer med andre gjennom dataspel og ulike sosiale media. Gjennom å dele, publisere ting og vere meir open byggjer dei opp effektive nettverk, slik som både personleg læringsnettverk og meir allment sosialt nettverk. Denne type læring blir ikkje stimulert av noko ytre motivasjon, det er den indre motivasjonen som dominerer. Det vil med andre ord seiast at den læringa som dei unge gjer er eit ynskje frå deira side, dei ynskjer å oppnå at kompetansen deira blir heva (Krokan, 2012, s. 188). Slik kan ein sjå at når læraren tek i bruk nye former i undervisninga som fengar elevane, slik samskrivingsnettstaden wiki blir, motivere dette elevane, og dei ser på læringa som interessant og lystbetont.

At elevane også skal arbeide i par, er ein arbeidsform som gjer at dei skal produsere noko saman med andre. Dette er også ein motivasjonsfaktor for mange. Gjennom slik samhandling ser ein det sosiokulturelle læringsperspektivet dominere, der elevane skal jobbe i par og skrive og innhente ny kunnskap saman, men også produsere ein tekst med heile klasse. I dette arbeidet vil læraren heile tida vere ein rettleiar, slik at kvar enkelte elev får ta i bruk og utnytte sin kompetanse. Gjennom å gjeva framovermeldingar, hjelp og støtte på skrivearbeidet til elevane, vil kompetansen hjå elevane verta utvida på fleire ulike felt. Elevane seg i mellom blir også gode støttespelarar og rettleiar for kvarandre ved å lese og gi respons på andre tekstar. Slik får kvar elev ei aktiv rolle der ein både «gir og tar» ny kunnskap til seg (Moen, 2011, s. 134).

Fordelen med denne type bruk av sosialt media er for det første at alle elevane må skrive, men også lese teksten som dei andre elevane har skrive. Dette fører jo til at alle lærer mykje om dei ulike forskarfelt. Ser ein for eksempel på bruken av PowerPoint og framføring i klasserommet, vil ein kanskje berre oppnå at elevane lærer sitt eige arbeid, sin eigen produsera tekst. Ved framføring kan det fort bli at ein berre er letta og glad for å vere ferdig

med framføringa, og når dei andre elevpara har framføring kan det vere at dei resterande elevane ikkje fylgje så godt med.

Ulemper ved å leggje opp til denne type bruk av samskrivingsnettstad er dersom ikkje dataparken på skulen er bra. Ting vil ta tid, kanskje ikkje nok PC. Det kan med fordel vere kjekt å ha eit klasesett slik at alle har kva sin PC og jobbe på. Men sett frå eit anna perspektiv vil ein kunne få testa ut samarbeidskulturen i klassa, der det å dele på og vente på tur er ein viktig bit i det sosiale perspektiv.

Ved å ta i bruk slik type samanskrivingsnettstad kan ein også opne opp for samarbeid med skular rundt om i verda. Der felles skriftspråk blir avtalt seg i mellom på dei ulike skulane. På barneskulenivå vil det kanskje vere naturleg å halde seg til engelsk, men mål om å kjenne til nordiske språk er forankra i læreplanen. Andre fordelar her er kontakten ein får med andre skular. Det blir stifta kjennskap med elevar frå andre land, noko som elevane igjen kan dra med seg utanfor skuletida. Her kan nemnast andre sosiale media som snapchat og instagram som elevane brukar på fritida si.

Så kan ein spørje seg, «jammen det er då ikkje på wiki dei unge held seg?» Og det vil nok mange ha rett i. Tall frå budir peikar på at det er jentene som er ivrige på sosiale media, medan gutane helst føretrekker spel, då nettspele (bufdir.no, 2018). Korleis kan dette då vere ein arena for læring? Ein kan sjå dette frå fleire sider. Det media som kanskje blir mest bruka i dag er snapchat, og dette kan vere noko vanskeleg å ta i bruk i skulesamanheng. Men det er då ein tek i bruk tilnærma media som gjer til at det motivere elevane i opplæringa si. Verda dei møter på skulen blir ikkje så fjern og ukjent som den verda dei lever i på fritida si. Både gutane og jentene ser eg nok vil finne dette motiverande då dei produserer noko saman med andre. Teksten blir fort stor og fylt med masse ord. Dei har produsert tekst og publisert han slik at alle kan sjå han. Her ser ein igjen det sosiokulturelle læringsperspektivet kome til syne.

Elevane kan også lett vise teksta fram til venner og familie. Dei vil med enkle tastetrykk kome fram til nettstaden. Denne nettstaden kan også visast på mobiltelefonen. Noko dei ikkje hadde hatt moglegheit til dersom teksta blei produsert i bok. Språket og rettskriving vil også mest sannsynleg få stor merksemd før publisering. Det er enkelt for elevane å rette opp i teksta då den er skrive digitalt. Elevane ynskjer å leggje ut tekst som ikkje har feil eller manglar i ord- og/eller språklyden. Her har læraren eit ansvar og setje saman elevpar som får det beste ut av kvarandre, og som samstundes utfordrar kvarandre slik at kompetansen både innanfor det digitale, men også det skriftlege arbeid blir heva.

Bakdelar med bruken av verktøy som wiki, er at det inneber å publisere tekst. Dette kan føre til at ein kan synleggjer dei elevane som for eksempel slit med rettskriving, og kanskje ikkje ser sine eigne feil før publisering. Sett frå eit anna perspektiv vil det å ta i bruk ulike wiki lærer elevane kva som bra og ikkje fullt så bra å publisere.

Avslutning

Så for å finne ut om barn og unges mediebruk kan vere ein arena for læring tok eg utgangspunkt i problemstillinga: *Korleis kan bruken av wikispaces, vere med på å skape ei motiverande skriveopplæring?*

Å bruke samskrivingsnettstaden wikispaces ser eg på som ein stor ressurs. Det motivere elevane når læraren tek i bruk tilsvarende media i undervisninga på skulen, som liknar media dei er aktive i på fritida si. Samstundes ser eg på det som svært positivt då dei unge i dag er van med å dele og publisere på det vide nett, og terskelen for å la andre lese teksten sin blir svært låg.

Siterte verk

- bufdir.no. (2018, februar 15). *Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet*. Henta frå bufdir.no:
https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Fritid/Barn_og_unges_mediebruk/#heading7783
- Imsen, G. (2010). *Elevens verden*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Krokan, A. (2012). *Smart Læring Hvordan IKT og sosiale medier endrer læring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Krumsvik, R. J., & Ludvigsen, K. (2011). Digital kompetanse i lærerutdanning og skole. I M. B. Postholm, P. Haug, E. Munthe, & R. J. Krumsvik, *Lærerarbeid for elevens læring 1-7* (ss. 181-207). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Moen, T. (2011). Utviklingsstøttende lærer-elev-relasjoner. I M. Postholm, P. Haug, E. Munthe, & R. Krumsvik (red.), *Lærerarbeid for elevens læring 1-7* (ss. 131-144). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skjelbred, D. (2012). *Elevens tekst*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.
- Utdanningsdirektoratet. (2018, februar). *Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Prinsipper for opplæringen*. Henta frå Utdanningsdirektoratet:
http://www.udir.no/Upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloeftet/prinsipper_lk06.pdf?epslanguage=no